**Fra:** Dagfinn Fylkesnes
**Sendt:** 27. september 2016 15:30
**Til:** Rolf Rosenlund
**Emne:** Sender e-post: a billag Søknad Ferjeløyve vedlegg nr1 med 4 foiler, b. ferjeløyve Bilag nr2 ruteplan, C1 vedlegg nr 3 side 1 paralell forsand, C2 vedlegg bilag nr 3 side 2 pralell sak Forsand komune., d 1 vedlegg nr 4 s 1 av2 Skriv Samferdseldirektorat
**Vedlegg:** a billag Søknad Ferjeløyve vedlegg nr1 med 4 foiler.pptx, b. ferjeløyve Bilag nr2 ruteplan.jpg, C1 vedlegg nr 3 side 1 paralell forsand.jpg, C2 vedlegg bilag nr 3 side 2 pralell sak Forsand komune..jpg, d 1 vedlegg nr 4 s 1 av2 Skriv Samferdseldirektoratet.jpg, d 2 vedlegg nr 4 s 2 av2 Skriv Samferdseldirektoratet.jpg

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

a billag Søknad Ferjeløyve vedlegg nr1 med 4 foiler
b. ferjeløyve Bilag nr2 ruteplan
C1 vedlegg nr 3 side 1 paralell forsand
C2 vedlegg bilag nr 3 side 2 pralell sak Forsand komune.
d 1 vedlegg nr 4 s 1 av2 Skriv Samferdseldirektoratet
d 2 vedlegg nr 4 s 2 av2 Skriv Samferdseldirektoratet

# Sunnhordland  Ferjerederi A/S u/s

- **Vil arbeide aktivt for eit vesentlig enklare, raskare, rimeligare og betre ferjesamband mellom Kvinnherad regionsenter, og Stord regionsenter.**

  Nytt ferjesamband Sunde – Jektavik, som og gir direkte innkjøring på viktige  E 39.
- Og med 31 daglige avgangar med ekspressbuss: Kysbussen  nord/ sør.   Realistisk med oftare ferjeavgongar kvar 30 minutt frå begge sider av fjorden, etter innkjøringsperioden.

  Alle innbyggarar i begge kommunane kan bli medeigar i ferjerederiet.

  Søknad om ferjeløyve er sendt  Hordaland Fylkeskommune Samferdsleavd.

  Søknad om bruk av ferjekai i begge kommunar er og sendt same instans.



# Sambandet Kvinnherad – Stord: Fra mars 2008 gjekk trafikken radikalt ned, og kalkulert vekst (Storting prop.nr 84) med + 30% i budsjett uteblei ! Trafikken falt videre med 40,6% neste 2,5 år. Blir 70%.




**Statens Vegvesen viser utvikling på dei fem aktuelle ferjesambanda i Sunnhordland: 2001 - 2015.**

Fire samband viser auke frå+ 30% (Utåker) opptil +102% (Årsnes) over 14år. Mens ferjesambandet: Kvinnherad - Stord kjem ut med MINUS -0,3%. **Kva er årsaka til denne tragiske utviklinga?** Kan det skuldas at Kvinnherad Kommune stoppa anløp av Sunde, og endra samband i 2008 m/omveg og ekstra kostnader kr200,- til Halsnøytunellen og videre til: ferjekai: Ranavik --Skjersholmane. 93% av de reisende (32.000 innb) mislike dette sterkt. 7% innfødte smilte stort. Dette kan likna sterkt på ”politisk hestehandel” og aktører med eigne særinteresser, og uklare villeidane ordspråk i søknad til Stortinget om delvis bompengefinans. Bevisst eller ubevisst?

# Dagens samband med omveg, og bompenger over Halsnøy til Ranavik - Skjersholmane.

*Frå regionsenteret HUSNES*
*til regionsenter på Stord, LEIRVIK:*

Kjørelengde Husnes - Ranavik 16,1 km
Ferje Ranavik -Skjersholmane 14,3 km
Kjørelengde Skjersholmane - Leirvik
6,5 km
**<u>Total Lengde:</u> <u>36,9 km</u>**

Kjøretid Husnes – Ranavik 19 minutt

Ferjestrekning Ranavik –Skjersholmane
42 minutt
Kjøretid Skjersholmane –Leirvik
7 minutt
**<u>Total reisetid:</u> <u>1 time 8 minutt.</u>**

NB! Statens vegvesen sin standard tar med 15 min ventetid på ferjekai. Vert likt for begge alternativ.

*Halsnøytunnelen:*

- *Lengde 4.120 m*
- *Max djupne under havet 135,5 m*
- *Max stigning 8%*



# Foreslått nytt privat ferjesamband :
# SUNDE – JEKTAVIK.

*Frå regionsenteret HUSNES*
*til regionsenter på Stord, LEIRVIK:*

Kjørelengde Husnes - Sunde ferjekai:
4,4 km
Ferjestrekning Sunde – Jektevik
13,7 km
Kjørelengde Jektevik - Leirvik
12,5 km
**Total kjørelengde:** **30,6 km**

Kjøretid Husnes til Sunde
6 minutt
Ferjestrekning Sunde – Jektevik
40 minutt
Kjøretid Jektevik – Leirvik
11 minutt
**Total reisetid:** **57 minutt**



Forslag rutetider: **JEKTAVIK -- SUNDE. Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s.**

Forslag til ruteplan med to ferjer mandag til fredag. **Avgangar kvar 45.min.**

Ei ferje laurdag – søndag, med **avgangar ca kvar 90. minutt.** Oppdatert 20.09.16

| | **Ferjeavgang JEKTAVIK** | | | **Ferjeavgang SUNDE** | |
|---|---|---|---|---|---|
| Man-- Fredag | Lørdag | Søndag | Man-- Fredag | Lørdag | Søndag |
| | | | | | |
| **05.30** | | | **05.30** | | |
| **06.15** | **09.00** | **09.00** | **06.15** | **08.10** | **08.15** |
| **07.00** | **10.40** | **10.40** | **07.00** | **09.45** | **09.45** |
| **07.45** | **12.30** | **12.10** | **07.45** | **11.25** | **11.25** |
| **08.30** | **14.00** | **13.55** | **08.30** | **13.15** | **13.00** |
| **09.15** | **15.30** | **15.30** | **09.15** | **14.45** | **14.40** |
| **10.00** | **17.10** | **17.10** | **10.00** | **16.15** | **16.15** |
| **10.45** | **19.00** | **18.50** | **10.45** | **18.00** | **18.00** |
| **11.30** | | **20.35** | **11.30** | | **19.40** |
| **12.15** | | | **12.15** | | |
| **13.00** | | | **13.00** | | |
| **13.45** | | | **13.45** | | |
| **14.30** | | | **14.30** | | |
| **15.15** | | | **15.15** | | |
| **16.00** | | | **16.00** | | |
| **16,45** | | | **16,45** | | |
| **17.30** | | | **17.30** | | |
| **18.25** | | | **18.15** | | |
| **19.10** | | | **19.10** | | |
| **19.55 F** | | | **19.50** | | |
| **20.40** | F = Berre Fredag | | **20.40F** | | |
| **21.25 F** | | | **21.25** | | |
| | | | **22.10F** | | |

ANNONSE






I dag går Norled-ferja MF «Finnøy» i rute over Høgsfjorden mellom Lauvvik og Oanes.
FOTO: Tor Inge Jøssang

# Grønt lys for privat Høgsfjordferje

**I flere år har Forsand kommune kjempet for at private kan drive ferjesamband over Høgsfjorden når Ryfast åpner. Lenge var svaret fra høyere makter et rungende nei. Torsdag kom siste beskjed: Privat ferje er lov.**

OPPDATERT: 26.MAI 2016 22:30 - PUBLISERT: 26.MAI 2016 22:30

TORALF SANDØ

Om fire år vil biler suse gjennom Ryfast-tunnelene mellom Strandalandet og Stavanger.

Samtidig blir det slutt på ferjetrafikken over fjorden til Tau og over Høgsfjorden. Forsand kommune har tatt opp kampen med fylkespolitikere og administrasjonen i fylkeskommunen for å få opprettholde en ferjeforbindelse over Høgsfjorden.

## Kan ikke nekte

Nå har Forsand endelig fått en hyggelig e-post fra selveste Samferdselsdepartementet:

«Korkje staten eller fylkeskommunen kan etablere slike samband ved tilskott etter at Ryfast er opna, men det er ikkje heimel for å nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden».

Dermed er saken klar: Dersom noen vil seile ferje over fjorden, er det fritt fram å skaffe seg tillatelse uavhengig av finansieringsplanene for Ryfast, der bilistene må betale bompenger.

## Ordfører Guse jubler

Forsand-ordfører Ole Tom Guse (KrF) er mer enn fornøyd:

- Eg er særs tilfreds med svaret som kom frå Samferdselsdepartementet. Dersom private aktørar nå ser det økonomisk lønnsamt å tilby ferjetransport på Høgsfjorden er eit stort hinder fjerna. Høgsfjordferja har i ei årrekkje gått med overskot. Det er opp til den som søkjer løyve å sørgje for tilgang til bruk av ferjekai. Departementet viser til at dersom kaier vert oppretthaldne (til dømes av omsyn til beredskap), er det mogleg at prinsippet om fri bruk av offentleg veg inklusiv ferjekai gjeld, skriver Guse i en pressemelding torsdag.

LES OGSÅ

**Forsand-kamp i Høyre for ferja**

**Skuffet Høgsfjord-tilhenger meldte seg ut av Ap**

**Norled krever Høgsfjord-garanti**

ANNONSE

SE KOMMENTARENE

SISTE FRA RYFYLKE

**Fra:** postmottak SD
**Sendt:** 27.05.2015
**Til:** Felles Post Forsand
**Kopi:**
**Emne:** Spørsmål om privat fergedrift over Høgsfjorden, Forsand kommune

Forsand kommune
4110 FORSAND

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/1295

27.05.2015

Spørsmål om privat ferjedrift over Høgsfjorden, Forsand kommune
Vi syner til e-posten dykkar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), datert 9. april 2015. KMD har sendt e-posten til Samferdselsdepartementet for svar frå rette fagdepartement.

I e-posten spør de om fylkeskommunen, Stortinget eller anna styresmakt kan nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden etter at Ryfast er opna.

Ved behandlinga av Prop. 109 S (2011-2012) slutta Stortinget seg til delvis bompengefinansiering av rv 13 Ryfast, som er eit ferjeavløysingsprosjekt. Finansieringsopplegget for Ryfast er basert på ein stor del bompengar. Rogaland fylkeskommune og Stavanger kommune har til saman garantert for eit bompengelån på maksimalt 6 mrd. kr, fordelt med 70 pst. på fylkeskommunen og 30 pst. på Stavanger kommune. I finansieringsopplegget er det føresett at både ferjesambandet Lauvvik - Oanes og ferjesambandet Stavanger - Tau blir lagt ned når Ryfast blir opna for trafikk. I trafikk- og finansieringsanalysane er det lagt til grunn at trafikken i dei to ferjesambanda blir overført til Ryfast. Føresetnadene er såleis klare på at det ikkje vil vere aktuelt med eit offentleg ferjealternativ.

Departementet ser det slik at hovudspørsmålet her er om den vedtatte bompengepakka for Ryfast, stortingsvedtaket og generelle bompengeprinsipp fører med seg at Rogaland fylkeskommune som løyvestyresmakt er bunde til å nekte å gi løyve etter yrkestransportlova viss det kjem ein søknad om ferjerute over Høgsfjorden. Korkje staten eller fylkeskommunen kan etablere slike samband ved tilskott etter at Ryfast er opna, men det er ikkje heimel for å nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden. Vi viser også til EU si maritime kabotasjeforordning (innlatt i EØS-avtalen) som fastset prinsippet om friheit til å yte sjøtransporttenester.

Eit viktig spørsmål som i tilfelle må avklarast nærare er bruk av ferjekai. Det er den som søkjer om løyve som også må sørgje for adgang til å bruke aktuelle kaier. Viss det er aktuelt å bruke dei same kaier som blir nytta i dei sambanda som skal leggjast ned, må ein sjå nærare på bompengevedtaket. Inneber vedtaket at sambanda blir lagt ned, men veganlegga inklusiv kaier blir oppretthaldne (til dømes av omsyn til beredskap), er det mogleg at prinsippet om fri bruk av offentleg veg inklusiv ferjekai gjeld.

I e-posten spør de også om ei kommunesamanslåing mellom Forsand kommune og Sandnes kommune kan gjere ei privat ferje over Høgsfjorden mogleg. Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at det er nokon samanheng mellom ei kommunesamanslåing og adgang til privat ferjedrift.

Spørsmål om kommunesamanslåing er det Kommunal- og moderniseringsdepartementet som må svare på. KMD er kopimottakar av dette brevet.

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)
avdelingsdirektør

Trine Hagen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vegdirektoratet